

Vern av Tveitaneset naturreservat, Tysvær kommune i Rogaland. Innkomne uttalar frå høyring av melding med Fylkesmannens merknader

Fylkesmannen sendte 10. februar 2014 melding om utvida vern av Tveitaneset naturreservat og revidert verneforskrift.

Dagens verneområde og det føreslegne utvida verneområdet ligg på ein og same eigedom. Tveitaneset naturreservat er i dag om lag 265 daa, og er tenkt utvida med 116 daa, samstundes som verneforskrifta vert revidert. Årsaka til det heile er eit forslag frå grunneigar om frivillig skogvern etter gjeldande ordning.

Det kom i alt 7 kommentarar på meldinga om oppstart av vern. Det var ingen merknader omkring utviding av verneområdet. I det fylgjande er uttalane samanfatta med Fylkesmannens kommentarar nedanfor.

WWF-Norge, Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren på Svalbard, Luftfartstilsynet og Statsskog har ingen kommentarar til det føreslegne verneområdet.

Rogaland fylkeskommune, Kulturavdelinga er positiv til forslaget. Dei kjenner ikkje til eldre eller nyare tids kulturminne innanfor området, men peiker på at det er potensial for uoppdaga autoamtisk freda kulturminner under bakken (steinalderbuplassar). Dei foreslår at fylgjande blir trekt inn i verneforskrifta: *«Då det er eit potensiale for uoppdaga automatisk freda kulturminne innanfor område for naturreservatet, må Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, kontaktast i forkant av eventuelle inngrep i grunnen, jf. Lov om kulturminner §§ 3 og 8.»*

Fylkesmannen – føresleggen verneforskrift legg eit strengt vern på området, og alle former for inngrep er forbode utan særskilt løyve. Alle kulturminner er med og hever verdien på verneområdet, og skal ble ivaretatt framover. Skal det opnast for inngrep som kan skade ikkje-oppdaga kulturminne under bakken så vil Fylkesmannen alltid samrå seg med kulturminnemyndigheita før ein tek ei avgjerd. Fylkesmannen meiner difor at gjeldande forskrift gjer dei naudsynte føringane, og at kulturminna er godt ivaretatt i eksisterande forslag.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) – kan ikkje sjå at naturreservatet kjem i konflikt med vassdrags eller kjente energi interesser. Dei har ikkje kjennskap til eventuelle konflikhtar omkring eksisterande nett eller nettplanar og opplyser om at Haugaland kraft er rette instans, men at dei manglar på høyringslista.

Fylkesmannen – tek uttalen til orientering og vil i neste runde sende saka på høyring til Haugaland kraft.

Språkrådet – tilrår at naturreservatet fortsett å heite Tveitaneset naturreservat.

Fylkesmannen – sluttar seg til denne tilrådinga og hold fast på dagens namn.